

Personvernerklæring for Landsfestivalen.no

Oppdatert april 2023

1. Innleiing

FolkOrg eig nettsida www.landsfestivalen.no og har ansvaret for det tekniske kring nettsida og dei løysningane som er knytt til sida. FolkOrg tek ditt personvern på alvor, og er forplikta til å behandle personopplysningar på ein forsvarleg måte.

Personopplysningar er opplysningar som kan knytast til deg som enkeltperson. Styreleiar og dagleg leiar i FolkOrg er øverste ansvarlege for vår behandling av personopplysningar, då det er FolkOrg som eig nettstaden www.landsfestivalen.no

Hovudnemnda for landsfestivalen i gjeldande år har og eit særskilt ansvar for at personvernet vert følgt i arbeidet med landsfestivalen gjeldande år.

2. Føremålet

Føremålet med å innhente og behandle personopplysningar på www.landsfestivalen.no er å ivareta dei behova som lokal arrangør av festivalen har for å samle inn data for å kunne gjennomføre Landsfestivalen.

Dette er i hovudsak registrering av friviljuge til ulike roller under Landsfestivalen og bestilling av overnattingsplassar på festivalcamping. Andre behov for innsamling av data kan førekomma, som eksempel kjøp av billetter.

3. Rettsleg grunnlag

Det er opp til kvar einskild om ein ønskjer å registrere seg som friviljug eller bestille seg campingplass på festivalcamping via www.landsfestivalen.no. Vi har egne felt i dei skjema det gjeld der ein får moglegheit til å godkjenne at vi lagrar kontaktopplysningar og kor lenge dei kjem til å være lagra i våre databaser.

4. Innhenting og behandling av personopplysningar

Personopplysningar vert innhenta i samanheng med at ein person registrerer seg som friviljug eller bestiller seg campingplass via vår nettside www.landsfestivalen.no

Vi innhentar også personopplysningar i forbindelse med at ein person melder seg på som deltakar på Landsfestivalen, men dette skjer gjennom nettsida til FolkOrg, og følgjer difor personvernerklæringa til FolkOrg.

Det er berre nokre få personar i hovudnemnda til Landsfestivalen og i

administrasjonen i FolkOrg, som har tilgang til dei opplysningane som er henta inn. Vi hentar inn kun dei opplysningane som trengs.

5. Databehandlarar

FolkOrg nyttar CustomPublish til å lage og lagre nettsida til Landsfestivalen. CustomPublish har eigne serverar og all data som vert samla inn gjennom nettsida www.landsfestivalen.no vert lagra i Noreg.

6. Sletting av personopplysningar

Vi slettar alle data som er kome inn via nettsia www.landsfestivalen.no i utgangen av det året som gjeld.

Retten til å bli gløymd, i samsvar med GDPR-artikkel 17, gjev deg høve til å krevje at alle registrerte personopplysningar om deg skal slettast på oppmodning, så lengje vi ikkje er lovpålagt å lagre desse. Dersom du har spørsmål kring dette, ta kontakt med administrasjonen i FolkOrg.

7. Rett til å klage

Du har rett til å klage til ei tilsynsmyndigheit, her Datatilsynet, i samsvar med GDPR-artikkel 13(2) bokstav d.

8. Kontaktopplysningar

Har du spørsmål kring vår personvernerklæring, eller om vår bruk av personopplysningar, er du velkomen til å ta kontakt.

Behandlingsansvarleg i FolkOrg er dagleg leiar. Kontaktopplysningar til dagleg leiar finn du på vår nettstad: www.folkorg.no

www.landsfestivalen.no

www.folkorg.no

**LANDS
FESTIVALEN**
I GAMMALDANSMUSIKK

**FOLK
ORG** Organisasjon for
folkemusikk og
folkedans